



# FISKERIDIREKTORATET

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Torkel Myklebust, 55 23 83 98

Vår dato

18.08.2003

Dykkar dato

24.03.03

Vår referanse

03/4836

Dykkar referanse

02/02507

Det kongelige landbruksdepartement  
Postboks 8007 Dep  
Akersgt. 59  
0030 OSLO

<b>Landbruksdepartementet</b>	
Saksnr.:	Doknr.:
20031828	- 62
Mottatt: 25 AUG 2003 MP/ SDD	
Saksbeh.:	Akt.:
CHO	750
Kopi:	Avskr.:

## HØYRING, FORSLAG OM ENDRING AV DYREVERNLOVA, TILSYNSMODELL OG VERKEMIDLAR - UTTALE FRÅ FISKERIDIREKTORATET.

Fiskeridirektoratet viser til høyringsbrev datert 24.03.03, med forslag til endringar i dyrevernlova, tilsynsmodell og verkemidlar. Opprinnelig høyringsfrist var sett til 15.06.03. Seinare er det pr. telefon opplyst at denne er endra til 23.08.03.

Forslaget inneber endring av tilsynsmodell, gjennom å leggja tilsyns-, vedtaks-, og tiltakskompetansen til departementet for vidare delegasjon til Mattilsynet, og endra status for dyrevernemndene til å bli rådgjevande nemnder med inspeksjonsrett. Vidare inneber forslaget ei styrking av forvaltinga sine verkemiddel for å oppnå etterleving av dyrevernlova, m.a. gjennom styrking av inspeksjonsretten, innføring av opplysnings- og rapporteringsplikt.

Forslaget har vore på intern høyring i Fiskeridirektoratet, fagavdelingane sentralt og samlede regionar. Det er ikkje kome inn merknadar frå nokon av desse.

### **Fiskeridirektoratet si vurdering.**

#### Generelt:

Dyrevernlova gjeld også for fisk og krepsdyr. Det vert i aukande grad reist spørsmål om velferd for oppdrettsfisk og andre oppdrettsorganismar, og om produksjonen skjer på ein etisk forsvarleg måte. Ikkje minst for å betra forbrukarane sitt bilet av oppdrettsfisk vil det vera viktig å kunna dokumentera at fisken har hatt eit "godt liv". Me må pårekna eit endå større fokus på spørsmål rundt dyrevelferd og fisk/andre oppdrettsorganismar i framtida. Havbruksnæringa er i så måte avhengig av ei aktiv og truverdig dyrevernforvalting.

Stortingsmelding nr. 12, 2002-03, om "Dyrehold og dyrevelferd" peikar på fleire utfordringar når det gjeld dyrevelferd og oppdrettsfisk. Dette gjeld særleg slakting og transport, men også spørsmål om å gje oppdrettsorganismar tilfredsstillande livsmiljø i driftsfase.

Fiskeridirektoratet har inntrykk av at Dyrehelsetilsynet gjennom sine distriktsveterinærar, og dyrevernemndene, tradisjonelt har vore lite opptekne av dyrevern hjå oppdrettsfisk. Dette skuldast nok først og fremst fagleg usikkerhet og manglende avklaringar når det gjeld ein del velferdsutfordringar hjå oppdrettsorganismar. Dei siste åra har ein likevel registrert at dyrevernemnder i fleire regionar har handsama saker vedrørande dyrevern og fisk, og sett i gong kurs og kompetanseoppbygging innafor fagfeltet. Fiskeridirektoratet har sett positivt på ei slik utvikling.

### Forslag til ny tilsynsmodell:

Ved lovendring i 1995 vart dyrevernemndene sin funksjon styrkt gjennom statleggjering og gjennom at dei fekk vedtaks- og tiltakskompetanse. Nemndene skulle oppnemnast av fylkesmannen, og det vart lagt vekt på å få inn personar med praktisk skjønn på husdyrhald og dyrestell. Lokal forankring skulle gje god lokalkunnskap og auka legitimiteten i dyrevernarbeidet. Dyrevernemndene var framleis legmannsnemnder, men vart tildelt eigen forvaltingskompetanse fristilt frå instruksjon i forvaltingslina.

Forslag til ny tilsynsmodell inneber at nemndene misser sin sjølvstendige rolle. Dei skal oppnemnast av "tilsynet" og vil få ein rådgjevande rolle i saker der "tilsynet" meiner det er behov for råd. Vidare inneber omorganiseringa av matforvaltinga at talet på nemnder vil bli redusert frå om lag 220 til om lag 65.

Forslaget vert dels grunngjeve med ressuromsyn, dels med at fagskjønn truleg vil bli langt viktigare enn legmannsskjønn i slike saker framover, vidare at det av omsyn til brukarane er ynskjeleg å redusera talet på tilsynsorgan som den enkelte må forhalda seg til.

Fiskeridirektoratet ser dei argumenta som talar for endring av dyrvernemndene sin status. Ein er likevel sterkt i tvil om den føreslegne tilsynsmodellen vil vera ei forbetring i høve til den ein har i dag. Funksjon og engasjement i legmannsnemnder har vore og vil vera avhengig av ei viss saksmengd. Ny tilsynsmodell inneber at saksmengda kan bli svært lav i periodar, og variere mykje frå område til område avhengig av om den enkelte sakshandsamar meiner det er behov for å henta inn råd frå nemnda, eller som det står i høyingsbrevet: avhengig av ressurssituasjonen og kompetansen på det enkelte lokalkontor, korleis den enkelte nemnd fungerer osv.. Ein må vidare rekna med at den lokalkjennskap som i dag er ein viktig føresetnad for nemndene sitt arbeid, vil bli langt dårlagare når talet på nemnder vert så sterkt redusert.

Fiskeridirektoratet innser at reduksjon av talet på dyrevernemndene vil vera ei naturleg fylgje av omorganiseringa av matforvaltinga. Etter vårt syn vil det føra til at det vert vanskeleg å oppretthalda eit system med legmannsnemnder innafor dette fagfeltet, etter dei føresetnadane som har lege til grunn tidlegare.

Fiskeridirektoratet er vidare samd i at fagskjønn i framtida vil bli viktigare enn legmannsskjønn.

### Konklusjon:

Etter vårt syn vil føreslegen tilsynsmodell vil på sikt undergrava ordninga med eigne legmannsnemnder. Fiskeridirektøren vil difor tilrå at ein alt no tek bort ordninga. Med eit oppdatert lov og regelverk på området vil det vera fullt ut forsvarleg å overlate dyrevernforvaltinga til dei ulike forvaltingsorgan sitt fagskjønn. Det vil vera meir truverdig enn å vidareføra eit nemndsordning som ikkje fungerer i praksis.

Dersom ein vel å vidareføra ordninga med dyrevernemndene, må det vera ein føresetnad at nemndene i området med aktiv havbruksnærings har medlemmer med kjennskap til denne næringa.

### Forslag til styrking av verkemidlar:

Dei fleste av forslaga inneber justering av dagens regelverk i høve til ny tilsynsmodell. Val av tilsynsmodell vil naturleg nok ha innverknad her. Fiskeridirektøren har ikkje merknadar til forslaga ut over det.

Fiskeridirektøren har heller ikkje merknadar til forslag om å styrkja varslingsplikt, opplysnings- og rapporteringsplikt, eller føreslegne justeringar i samband med oppretting av Mattilsynet.

Fiskeridirektøren sluttar seg til forslag om å endra prosedyre for oppnemning av nemndene.

Til administrative og økonomiske konsekvensar:

Fiskeridirektøren er samd i at føreslegen tilsynsmodell vil vera ressurssparande både med omsyn til personell og økonomi, men ein er altså i tvil om modellen inneber ei styrking av tilsynet. Endra tilsynsmodell vil innebera at fagtilsynet må prioritera dette arbeidet sterkare for å ivareta den funksjonen dyreverninemndene har hatt. Tilsynspersonell må tilførast ressursar for å kunna gjera dette.

Vidareføring av nemnder etter ny tilsynsordning vil, etter vårt syn, vera feil ressursbruk.

Med helsing  
Peter Gullestad  
Fiskeridirektør

JCH Jens Chr. Hølm  
Direktør

The image shows two handwritten signatures. On the left, the signature of Peter Gullestad is written in a large, flowing cursive script. Below it, his name is printed in a smaller, more formal font: "Peter Gullestad" followed by "Fiskeridirektør". On the right, there is another handwritten signature in a stylized cursive script, which appears to be "JCH". Below this, the name "Jens Chr. Hølm" is printed, followed by "Direktør".